

OSTERØY KOMMUNE
Postboks 1
5293 LONEVÅG

Tildeling av tilskot til energiltak i omsorgsbustader og sjukeheim

Vedtaket gjeld: Osterøytunet 1 i Osterøy kommune, med gnr.: 4, bnr.: 112

Husbanken sitt vedtak

Husbanken har vedteke at Osterøy kommune får eit tilskot på

kr 1 882 400,-

Tilskotet skal brukast til å finansiere delar av kostnadene til følgande energiltak:

- Varmepumpe væske - vann

i 16 omsorgsbustader og/eller sjukeheimsplassar. Tilskotet er i samsvar med berekna beløp frå berekningsmodell i søknadsløysinga.

Sentrale vilkår for tilskotet

- Tilskotet skal inngå i finansiering av energiltak som reduserer energibehovet i omsorgsbygga.
- Tiltaket skal ikkje medføre auka husleigeutgifter for leigetakarar i omsorgsbustadene som er omfatta av tiltaket. Tilskotet blir avskrive i heilskapen sin ved utbetaling.
- **Ferdigstilling**
Tiltaket må ferdigstillast innan 1. desember 2023, og søknad om utbetaling må vere motteke i Husbanken innan 1. desember 2023.
- **Endringar i prosjektet**
Eit vilkår for tilskotet er at de gjennomfører tiltak(a) slik det er beskrive i søknaden. Husbanken skal godkjenne eventuelle endringar.
- **Kontroll**
Husbanken kan innhente opplysningar og dokumentasjon som er nødvendig for å kontrollere at vilkåra for tilskotet er oppfylte. Husbanken kan gjennomføre stadleg tilsyn undervegs eller etter ferdigstilling ved behov.

- **Bortfall av tilskot**

Husbanken kan omgjere vedtaket om å gi tilskot dersom krava i forskrifta eller vilkåra i tilskotsvedtaket ikkje kan overhaldast.

Retten til tilskot fell bort dersom tiltaket ikkje er ferdigstilt, og søknad om utbetaling ikkje er motteke i Husbanken innan 1. desember 2023.

- **Tilbakebetaling**

Tilskot skal betalast tilbake dersom krava i forskrifta eller vilkåra i tilskotsvedtaket ikkje blir oppfylte.

Når blir tilskotet utbetalt?

Tilskotet blir utbetalt når de har dokumentert at tiltaket er ferdigstilt. Dokumentasjon skal vere ein attestert prosjektrekneskap. Bruk søknadsskjema [søknad om utbetaling av tilsagt lån/tilskot» \(HB 7.S.06\)](#). Søknad om utbetaling må vere i Husbanken innan 1. desember 2023.

Ta gjerne kontakt med Husbankens saksbehandlar viss noko er uklart. Hugs å merke all korrespondanse til oss med referansenummeret de finn øvst i brevet.

Helsing
HUSBANKEN

Bjarte Bøe Alræk
Avdelingsdirektør

May-Britt Elvik
Rådgiver